



# DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

## Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

**Tid:** 21.09.2021 kl. 15:15-17:30

**Stad:** ASKVOLL KYRKJE

---

### Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Terje Mork	Medlem
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Lillian Oddekalv Gjervik	Medlem
Solfrid Løvik Hellevang	Medlem
Ole Kistrup Vilnes	Medlem
Arnt Johnny Langeland	Medlem
Karen Anny Espedal	Medlem
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Medlem
Aud Kari Steinsland	Varamedlem
Ingvild Loftheim	Varamedlem

---

### Forfall:

Bjørn Arne Mjåseth	Medlem
--------------------	--------

---

### Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

---

### Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2021/30		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2021/31		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 11.05.2021	RUNE ZIENER
SR 2021/32		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
FR 2021/33		Utskifting av røromnar Vilnes - val av tilbod	RUNE ZIENER
FR 2021/34		Restaurering av orgelet i Holmedal kyrkje - val av tilbod	RUNE ZIENER
FR 2021/35		Klimaskalsikring Vilnes - trong for tilleggsløyving	RUNE ZIENER

FR 2021/36		Brannsikring og tilbygg Vilnes kyrkje - trong for tilleggsøyving	RUNE ZIENER
FR 2021/37		Budsjettjustering 2021	RUNE ZIENER
FR 2021/38		Budsjettforslag 2022 og økonomiplan 2023-2025	RUNE ZIENER
FR 2021/39		Høyring om endringar i gravplasslov og -forskrift	RUNE ZIENER
SR 2021/40		Offerliste ut 2021	RUNE ZIENER
SR 2021/41		Gudstenesteplan hausten 2021	RUNE ZIENER

Askvoll, 21.09.2021

Rune Ziener  
referent

---

## SR 2021/30 Godkjenning av innkalling og dagsorden

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden til møtet.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden til møtet.

---

## SR 2021/31 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 11.05.2021

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå soknerådsmøtet 11.05.2021.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå soknerådsmøtet 11.05.2021.

---

## SR 2021/32 Skriv, meldingar og drøftingar

### UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 2021/25: Vestland Revisjon: *Revisjonsmelding frå uavhengig revisor (28.05.2021)*

M 2021/26: Askvoll kommune: *Regulering av festeavgift på gravplassane i Askvoll kommune – melding om vedtak (01.07.2021)*

M 2021/27: Kvammen kyrkjelydsutval: *Møtereferat 25.05.2021*

M 2021/28: Holmedal kyrkjelydsutval: *Møtereferat 06.07.2021*

M 2021/29: Askvoll kyrkjelydsutval: *Møtereferat 06.09.2021*

M 2021/30: COWI: *Referat befarig Vilnes kyrkje (02.09.2021)*

M 2021/31: Kvammen kyrkjelydsutval: *Møtereferat 13.09.2021*

M 2021/32: Organiststillinga i Askvoll

M 2021/33: Drøfting om møtetidspunkt for sokneråda

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering, men med presisering i sak 33, at ein endrar møtetidspunkt til primært tysdagar eller onsdagar kl. 1715-2030.

---

## FR 2021/33 Utskifting av røromnar Vilnes - val av tilbod

### UTGREIING

Som ledd i dei statlege tilskotspakkene under pandemien, har Riksantikvaren lyst ut tilskotsmidlar til utskifting av el-anlegg og røromnar i eldre, verneverdige kyrkjer. Askvoll sokn har søkt om, og fått tilsagn om kr 205.000,- til utskifting av omnar og tilførselskablar frå 1959 i Vilnes kyrkje. I budsjettet til soknet for 2021 er tiltaket ført opp til realisering med ca. 40% eigenfinansiering (frå ubunde investeringsfond). I utgangspunktet skulle tiltaket vere ferdigstilt og rapportert innan utgangen av oktober 2021, men grunna mange prosjekt nasjonalt av denne typen i år, er det press både på prosjektgodkjenning og leveranse av omnar. Kyrkjeverja har søkt Riksantikvaren og fått utsetting til 1. mars 2022 for ferdigstillingsrapport.

Det er i august i år gjennomført tilbodskonkurranse for Vilnes-prosjektet. Det kom berre inn éitt tilbod på nye omnar, og to andre tilspurde ga ikkje noko tilbod. Tilbodet som ligg føre er frå Holmedal Elektriske AS.

Det innkomne tilbodet er sett opp med to alternative typar benkevarmarar. Rimelegaste alternativet er prisa til om lag kr 250.000,- for heile installeringsjobben. Det tilrådde tilbodet har benkevarmarar med høgst effekt av dei to alternativa (same type omnar som nyleg er monterte i Holmedal kyrkje), og er prisa likt, men desse omnane krev at ein gjer nokre mindre oppgraderingar i sikringsskåpet. Begge alternativa i tilbodet ligg innanfor budsjettet.

Leveringstida for omnane frå det tilrådde alternativet (omnane frå Safeheat AS) er noko lenger enn det andre, og omnane kan først verte leverte neste år.

Om ein vel å gå frå røromnar med høg overflatetemperatur og høg effekt pr. meter omn til benkevarmarar med låg overflatevarme, krev det at ein aukar opp talet omnar til omkring det dobbelte av det ein har i dag, for å oppnå same varmeeffekt i bygget. Det er i dag omnar omtrent ved annakvar benk, men med benkevarmeløysing, må ein ha omn under kvar benk. Benkevarmarar gir god termisk komfort til dei som sit i benkane.

Etter Askvoll sokn sitt økonomireglement § 3-3 skal anskaffingar med verdi over kr 100.000,- godkjennast av soknerådet.

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vel tilbodet frå Holmedal Elektriske AS på utskifting av røromnar, og vel alternativet med omnar frå Safeheat AS.
2. Søknad om godkjenning av tiltaket går til kyrkja sitt godkjenningsorgan (biskopen) etter kirkebyggforskriften § 4. Riksantikvaren skal uttale seg om tiltaket før biskopen gir si godkjenning.
3. Tiltaket vert teke ut av investeringsbudsjettet for 2021, og ført opp på nytt til realisering i 2022 (sjå innstilling til budsjett 2022 og økonomiplan 2023-2025).

## MØTEHANDSAMING

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vel tilbudet frå Holmedal Elektriske AS på utskifting av røromnar, og vel alternativet med omnar frå Safeheat AS.
2. Søknad om godkjenning av tiltaket går til kyrkja sitt godkjenningsorgan (biskopen) etter kirkebyggforskriften § 4. Riksantikvaren skal uttale seg om tiltaket før biskopen gir si godkjenning.
3. Tiltaket vert teke ut av investeringsbudsjettet for 2021, og ført opp på nytt til realisering i 2022 (sjå innstilling til budsjett 2022 og økonomiplan 2023-2025).

---

## FR 2021/34 Restaurering av orgelet i Holmedal kyrkje - val av tilbod

### UTGREIING

Med finansiering frå gåvemidlar gitt av tidlegare Holmedal Hestettrygdslag, er det satt i gang arbeidet med å planlegge restaurering av Claus Jensen-orgelet i Holmedal. Asbjørn Flåm er soknet sin orgelkonsulent i prosjektet.

Det har vore gjennomført tilbodskonkurrans for restaurasjon av orgelet i 2021, der det var lagt inn ein projektkostnad på kr 500.000,- i budsjettåret.

Tre orgelbyggerar har vore på synfaring i Holmedal i løpet av året, og etter tilbodsfristen 1. september, har ein motteke to tilbod på restaurering; frå orgelbyggerane Brødrene Torkhildsen Orgelbyggeri og JB Orgelverksted AS.

Tilboda er:

JB Orgelverksted A/S, Bergen: Kr 679.120,- ekskl. MVA

Kan utførast våren 2023.

Br. Torkhildsen Orgelbyggeri A/S, Åsen: To prisar: 1.350.000,-/1.550.000,- ekskl. MVA

Kan utførast i 2024.

Flåm opplyser at:

«Firmaene har god kjennskap til Claus Jensen-orgler og har besiktiget gjeldende instrument.»

Flåm har vurdert tilboda og skriv i si vurdering:

«Den store prisforskjell på anbudene kan skyldes flere forhold:

Geografisk avstand (transport/reisekostnader).

Br. Torkhildsen er stort firma/flere ansatte/restaureringen av Claus Jensen-orgelet i Tromsø Domkirke er lagt til grunn for timegrunnlagsutregning i Holmedal kirke.»

Hans tilråding er:

«Med de midler som er til rådighet er kun JB Orgelverksted A/S, Bergen, aktuell. Skulle dere gå inn for dette, støtter jeg avgjørelsen.»

Dietrich Johannes Buder Orgelverksted har kapasitet til å ta til med arbeidet våren 2023.

Vurdering frå kyrkjevevja:

Tilbodet frå JB Orgelverksted utpeikar seg som mest aktuelt. Tilbodet ligg noko over vedteke ramme til prosjektet i 2021, men er vesentleg lågare enn konkurrerande tilbod. Mogleg leveranse frå Buder kan også skje kalenderåret før Torkhildsen.

Etter økonomireglement for Askvoll sokn § 3-3 skal anskaffingar med verdi over kr 100.000,- godkjennast av Askvoll sokneråd.

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd vel tilbodet frå JB Orgelverksted AS for å restaurere orgelet i Holmedal kyrkje.
2. Søknad om godkjenning av tiltaket går til kyrkja sitt godkjenningsorgan (biskopen) etter kirkebyggforskriften § 4. Riksantikvaren skal uttale seg om tiltaket før biskopen gir si godkjenning.
3. Prosjektet vert nedbudsettert i investeringsbudsjettet for 2021, då ein her berre har hatt utgifter til orgelkonsulenten.
4. Det er fondsmidlar tilgjengeleg for å finansiere tiltaket, og ein kjem tilbake til endeleg finansieringsløyising for tiltaket i budsjettvedtak for 2023.

## **MØTEHANDSAMING**

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd vel tilbodet frå JB Orgelverksted AS for å restaurere orgelet i Holmedal kyrkje.
2. Søknad om godkjenning av tiltaket går til kyrkja sitt godkjenningsorgan (biskopen) etter kirkebyggforskriften § 4. Riksantikvaren skal uttale seg om tiltaket før biskopen gir si godkjenning.
3. Prosjektet vert nedbudsettert i investeringsbudsjettet for 2021, då ein her berre har hatt utgifter til orgelkonsulenten.
4. Det er fondsmidlar tilgjengeleg for å finansiere tiltaket, og ein kjem tilbake til endeleg finansieringsløyising for tiltaket i budsjettvedtak for 2023.

---

## **FR 2021/35 Klimaskalsikring Vilnes - trong for tilleggsøyving**

### **UTGREIING**

I år pågår det arbeid med klimaskalsikring på Vilnes kyrkje, der Askvoll sokn har fått tilskotsmidlar frå Riksantikvaren til å gjennomføre prosjektet. Kr 300.000,- vart gjeve i tilskot i 2020, men ein har fått utsett frist til ferdigstilling til oktober 2021. Eigenfinansiering til prosjektet er kr 150.000,- og dette tek soknet frå fondsmidlar.

Ved befaring på staden 02. september der Riksantikvaren, COWI og entreprenør var til stades, vart det påpeikt at råteskadene på kyrkjebygget er meir omfattande enn ein såg i første omgang.

Entreprenøren ønskjer å montere koparbeslag på takrennene for å auke levetiden på treverket. Riksantikvaren har ingen motforestillingar mot dette. Takrennebord har også større råteskadar enn ein først rekna med, og dette bør verte utbetra.

Det vil vere ein fordel å utbetre dette når ein har rigg på plass, og ikkje måtte gå tilbake til dette med ny rigging i seinare omgang.

Soknet har ikkje motteke konkret pristilbod på jobben, men det er anslege ein kostnad på kring 200.000,- for dette ekstraarbeidet.

Pr. i dag har ein ikkje finansiering for denne tilleggskostnaden.

Ein bør søkje å finne finansiering for å ta dette ekstraarbeidet når entreprenøren no først er på plass.

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd ber om kr 200.000,- i løyving frå kommunen for å gjere ferdig arbeidet med klimaskalsikringa på Vilnes kyrkje.

### **MØTEHANDSAMING**

#### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd ber om kr 200.000,- i løyving frå kommunen for å gjere ferdig arbeidet med klimaskalsikringa på Vilnes kyrkje.



## FR 2021/36 Brannsikring og tilbygg Vilnes kyrkje - trong for tilleggsføring

### UTGREIING

Prosjektet med brannsikring (alarm og automatisk slokkeanlegg) og nytt tilbygg ved Vilnes kyrkje har pågått i fleire år.

Denne sommaren vart det frå ein av entreprenørane varsla auka kostnadar samanlikna med opphavleg kontrakt.

Det er primært vannforsyning og etablering av tank som fordyrar dette prosjektet. Med tilgjengeleg ramme for finansieringa, vart delar av arbeidet sett på vent i sommar. Ein har per no ikkje finansiering på plass for sprengningsarbeider og oppsett av tankanlegg.

COWI AS har laga eit notat som skildrar utviklinga i prosjektet, og som gjer greie for utfordringar og utviklinga undervegs (sjå vedlegg).

Med gjeldande ramme skal ein kunne bygge nytt tilbygg/servicebygg og installerer rørsystem i kyrkja for automatisk slokkeanlegg, men det er ikkje økonomisk rom for å få på plass tank og vannforsyning.

Det er sjølvstøtt heilt nødvendig med slik vannforsyning for at slukkeanlegget skal fungere, og prosjektet må derfor tilførast meir midlar.

Totalkostnad frå 2020 er no sett til kr 5.415.000,- frå 2020 etter COWI sine utrekningar (pr.12.08.2021) og justeringar av tilbod, men her er usikre summer når det gjeld t.d. sprenging. COWI opplyser at sprengningsutgiftene truleg vert mindre enn det som er stilt opp i justert totalkostnad.

COWI stillar opp følgjande ny totalkostnad (frå 2020):

1. VVS (elektro) entreprise m/10 % økning fra tilbud	1.700.000,-
2. Bygg entreprise	3.215.000,-
3. Prosjekteringskostnader og arkeologi	500.000,-
<b>Totalsum</b>	<b>5.415.000,-</b>

Budsjettert til prosjektet i 2021 er totalt kr 2.858.000,-.

Til frådrag i punkt 3. kjem prosjekteringskostnadar ein allereie har betalt i 2020 på kr 182.000,-

Så langt ein kjenner til no vil altså restkostnad på prosjektet i 2021 utgjere kr 5.223.000,-. Med kr 1.858.000,- budsjettert i 2021, vil ein ha trong for tilleggsfinansiering på om lag kr 2.375.000,- for å få ferdig brannsikringsprosjektet.

### INNSTILLING

1. For å ferdigstille prosjektet med tilbygg og brannsikring av Vilnes kyrkje i 2021, ber Askvoll sokneråd Askvoll kommune om kr 2.375.000,- i tilleggsføring til prosjektet i 2021.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. For å ferdigstille prosjektet med tilbygg og brannsikring av Vilnes kyrkje i 2021, ber Askvoll sokneråd Askvoll kommune om kr 2.375.000,- i tilleggsføring til prosjektet i 2021.

## FR 2021/37 Budsjettjustering 2021

### UTGREIING

Fleire forhold gjer det nødvendig med ei budsjettjustering for inneverande år.

#### Investeringsbudsjettet 2021

Her kjem ein fullstendig gjennomgang med kommentar til kvart einskild prosjekt, og forslag til justering der det trengs.

#### *1005 - Parkeringsplass Vilnes*

Ingen endring her, nullført i 2021 etter budsjettendring i løpet av året.

#### *1009 - Tilbygg og brannsikring Vilnes*

Sjå eiga sak. Her er behov for tilleggsøyving for å finansiere tankløyvinga.

Budsjettsummane kan stå som vedteke, før ein veit kva som skjer med evt. tilleggsøyving.

#### *1013 - Rehabilitering av Holmedal kyrkje*

I vedteke budsjett er dei løyvde 1,5 millionane frå Askvoll kommune lagt inn med bruk kr 1,2 millionar til vedlikehalds- og anleggsarbeid, og 300.000,- til konsulentutgifter.

Med justert tidsplan frå SWECO, der anleggsarbeidet på kyrkja først tek til i 2022 for å redusere på kostnad til rigg og drift i prosjektet, før ein har meir pengar til prosjektet i 2022, vert utgiften her justert ned til kr 0,-, og ein har berre konsulentutgifter til prosjektet inneverande år, sett til kr 100.000,- inkl. MVA.

Restløyving frå kommunen kr 1.400.000,- vert flytta over til 2022.

Forslag til justering:

	Utgifter ned/inntekter opp	Utgifter opp/inntekter ned
2300 Byggeteneste/nybygg	- 1.200.000	
2700 Konsulenttenester	- 200.000	
4290 MVA	- 350.000	
7290 Kompensasjon MVA		350.000
8300 Tilskot frå kommunen		1.400.000
Sum	- 1.750.000	1.750.000

#### *1016 – Ringeanlegg Askvoll kyrkje*

Her er i 2021-rekneskapan eit etterheng på ein MVA-utgift med tilhøyrande kompensasjon. Dette beløper seg til under kr 10.000,- og kyrkjeverja ser det ikkje som naudsynt å regulere dette i budsjettet.

#### *1017 – Klimaskalsikring Vilnes*

Prosjektet er ferdig hausten 2021. Ingen trong for justeringar med kjente utgifter pr. i dag, men her kan komme ei tilleggsutgift på rehabilitering av ei nedløpsrenne, meir omfattande råteskadar enn forventa, og ønske om kobberbeslag. Dette vart avdekka ved sluttsynfaring med Riksantikvaren september i år. Sjå eiga sak om mogleg tilleggsøyving.

**1018 - Orgel Holmedal**

Dette vil tidlegast kunne gjerast i 2023 (sjå eiga sak). Prosjektet vert difor nedbudsettert, då ein berre vil ha utgifter til orgelkonsulent i prosjektet i 2021. Sjølve rehabiliteringa av orgelet vert lagt inn på nytt i budsjett for 2023.

Forslag til justering:

	Utgifter ned/inntekter opp	Utgifter opp/inntekter ned
2300 Byggeteneste/nybygg	- 480.000	
4290 MVA	- 120.000	
7290 Kompensasjon MVA		120.000
9500 Bruk av bunde fond		480.000
Sum	- 600.000	600.000

**1019 – Røromnar Vilnes kyrkje**

Sjå eiga sak. Prosjektet er tilrådd utsett til 2022. Heile prosjektet er difor føreslege nedbudsettert i 2021.

Forslag til justering:

	Utgifter ned/inntekter opp	Utgifter opp/inntekter ned
2300 Byggeteneste/nybygg	- 320.000	
2700 Konsulenttenester	- 22.000	
4290 MVA	- 86.000	
7290 Kompensasjon MVA		86.000
8000 Tilskot frå staten		205.000
9500 Bruk av ubunde fond		137.000
Sum	- 428.000	428.000

**7000 – Eigenkapitaltilskot KLP**

Ingen forslag til endringar.

**Driftsbudsjettet 2021****04100 – Kyrkjeleg administrasjon**Forsikring

Her er overforbruk på kr 11.000,- ift. budsjettet.

**04200 – Kyrkjer**Forsikring

Også i år fekk ein tilbakeført midlar på kyrkjeforsikringa frå overskotsdelinga. Netto kjem ein ut med ca. kr 15.000,- mindre enn budsjettet her.

Annonsar

Stillingsannonsar i to utlysingsrunder fører til meirforbruk samanlikna med budsjettet. Her er om lag kr 7.000,- i overforbruk.

Inventar og utstyr

Det er kjøpt inn ny miksar/forsterkar til Kvammen kapell. Total kostnad her er ca. kr 25.000,-. Dette låg ikkje i budsjettet.

Ein må finne midlar til å finansiere dette kjøpet, men det kan ein gjere ved seinare

budsjettjustering i 2021. Ein har såleis i justeringsforslaget ei førebels underfinansiering på kr 24.500,- grunna dette punktet.

### Pensjon

Det ligg an til betydeleg lågare pensjonskostnadar enn budsjettert i budsjettkapitlet for «kyrkjer».

Her er lagt inn redusert pensjonsutgift med kr 15.500,- for å dekke inn for annan kostnadsauke i budsjettjusteringsforslaget.

### **04300 – Gravplassar**

#### Leasing plenetraktor

Ein har i samsvar med vedtak i sak FR 2021/24 inngått avtale med Husqvarna om tre års leasing av plenetraktor. Ein skulle komme tilbake til finansiering av dette i seinare budsjettjusteringssak. Kostnad for 5,5 mnd leasing utgjer ca. 12.000,-. Dette kan ein finansiere med lågare forsikringspremie på kyrkjene enn budsjettert (sjå punkt over).

### **04400 – Generelt kyrkjelydsarbeid**

#### Tilskot frå rettssubjektet Dnk

Ein har motteke kr 20.000,- frå kyrkja sentralt i samband med pandemisituasjonen.

Tilskotet skal gå til tiltak i samband med gjenopninga etter pandemien og/eller dekning av ekstraavgifter ein har hatt i pandemisituasjonen.

Her er føreslege at ein nyttar det meste av midlane til ei frivillegssatsing, etter forslag som har komt frå kyrkjestaben.

Samla forslag til budsjettjustering på drift:

Konto	Kontotekst	Utg.opp/innt .ned	Utg.ned/innt.opp
30903.200.04200.000	Pensjonsinnskot KLP		-15500
31200.200.04400.000	Anna forbruksmateriell/råvarer/tenester	20000	
31400.200.04200.000	Annonsar, reklame og informasjon	7000	
31850.200.04100.000	Forsikring	11000	
31850.200.04200.000	Forsikring		-15000
32000.200.04200.000	Inventar og utstyr	25000	
32200.200.04300.000	Leige, leasing og kjøp av maskinar	12000	
38050.200.04200.000	Tilskot frå rettssubjektet Den norske kyrkja		-20000
	Sum	75000	-50500

Ein vil komme tilbake til fleire budsjettjusteringar seinare i budsjettåret.

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettjusteringar i investerings- og driftsbudsjettet som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.
2. Ein kjem tilbake til finansieringa av ekstra utgifter til inventar og utstyr i seinare budsjettjustering i haust.

## **MØTEHANDSAMING**

Kyrkjeverja la fram justert saksutgreiing (endringar er innarbeidd i utgreiinga), og forslag om nytt vedtakspunkt 2 i møtet.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettjusteringar i investerings- og driftsbudsjettet som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.
2. Ein kjem tilbake til finansieringa av ekstra utgifter til inventar og utstyr i seinare budsjettjustering i haust.

## FR 2021/38 Budsjettforslag 2022 og økonomiplan 2023-2025

### UTGREIING

Kyrkjelege fellesråd og sokneråd skal etter økonomiforskriften § 6, kvart år vedta ein rullerande økonomiplan for dei neste fire åra. Planen skal mellom anna gi eit realistisk oversyn over:

- forventa inntekter og utgifter i perioden
- prioriterte oppgåver i perioden

Planen skal gi grunnlag for fastsetjinga av storleiken på kommunale drifts- og investeringstilskot. Det er sett frist til **4. oktober** for innmelding av behov til Askvoll kommune.

### DEL 1: Investeringar

Det er teke utgangspunkt i balansert budsjett i kommunen sitt vedtak frå 2020, som går fram til 2024.

Investeringar i perioden lagt inn der er:

	2022	2023	2024	2025
Holmedal kyrkje	1.500.000	1.500.000	1.500.000	0
Tak Askvoll kyrkje	1.500.000			0
Nytt servicebygg Askvoll kyrkjegard	1.700.000			0
Ovnar og belysning Vilnes kyrkje	170.000			0
Rullestollift/heis Askvoll kyrkje	100.000			0

Kommentar til prosjekta:

#### Rehabilitering Holmedal kyrkje:

Her bør det ligge inne 1,5 millionar årleg inntil rehabiliteringa av kyrkja er ferdig (jf. tidlegare signal frå kommuneleiinga).

Då ein berre har hatt utgifter til prosjektering i 2021, vil ein ha disponibelt om lag 2,9 millionar til prosjektet i 2022.

#### Konsekvens ved manglande løyving:

Utsett restaurering fører til forverring av bygningstilstand og fordyra prosjekt. Fare for nedfall frå tak. Ikkje tilfredsstillande persontryggleik.

#### Tak Askvoll kyrkje:

Under rehabiliteringsarbeidene på kyrkja i 2013/2014 vart det avdekka skadar og slitasje på det hellelagte kyrkjetaket. Tilstandsanalyse og utarbeiding av tiltaksplan/kalkyle er gjennomført i 2020, og det er tilrådd rehabiliteringsarbeider på kyrkjetaket innanfor ein 10-årsperiode, totalt kalkulert til kr 6,6 millionar, altså vesentleg høgre kostnad enn det som ligg inne i økonomiplanen.

Akasia, som har utført tilstandsanalysen, har oppdelt rehabiliteringsprosessen i delprosjekt i følgende prioriteringsplan:

Prio. 1:	Skipets takkonstruksjoner	2,9 millionar
Prio. 2:	Koret sine takkonstruksjonar	1,1 millionar
Prio. 3:	Tårnfotens skifertekking	2,3 millionar
Prio. 4:	Kobbertekking på tårn	0,3 millionar
	<u>Totalkost ekskl. MVA</u>	<u>6,6 millionar</u>

*Konsekvens ved manglande løyving:*

Om taket ikkje vert restaurert vil det vere fare for at takstein løsnar, og ein står i fare for at det kan oppstå lekkasjeskadar i takkonstruksjonen. Vidare er det fare for personskade om takstein skulle løsne.

Nytt servicebygg på Askvoll kyrkjegard:

Prosjektet har stått lenge i økonomiplanen, og sto i budsjettet 2020. Tildelt løyving i 2020 til prosjektet på kr 1,08 millionar er omdisponert til ferdigstilling av brannsikring og tilbygg Vilnes.

Truleg er tidlegare innlagt finansieringsbehov for lågt, då dette har vore eit stipulat som har lege inne i tidlegare økonomiplan i mange år. Antakeleg ligg reelle behov minst 50-60% over dette tidlegare estimatet. Stipulatet til eit slikt servicebygg er sett minst 1,7 millionar.

*Konsekvens ved manglande løyving:*

Ein har ikkje tilfredsstillande lagerplass til maskinar, utstyr og materiell til gravplassane. Ein har ikkje tilfredsstillande pauserom/omkleddningsfasilitetar til dei som arbeider på gravplassane.

Omnr og belysning Vilnes kyrkje:

Etter gjennomført konkurranse i august 2021 vil ein på dette prosjektet ha eit totalt finansieringsbehov på om lag 270.000,-.

Med 60% prosjektfinansiering frå Riksantikvaren, som då utgjer kr 162.000,-, må ein lokalt dekke kr 108.000,-. Med 162.000,- i statleg tilskot, ligg det kr 43.000,- i unytta tilskotsmidlar.

Utskifting av takbelysning er ikkje omfatta av tilskotsordninga, men kyrkjevevja er i dialog med Riksantikvaren på å få godkjent ombygging av eksisterande lampar til LED-belysning, og skifte ut ledningsnett til lampene.

Såleis kan summen stå, som i kommunens investeringsoppsett, med kommunal finansieringsdel kr 170.000,- og statstilskot på kr 205.000,-

*Konsekvens ved manglande løyving:*

Varme og belysning i Vilnes kyrkje er ikkje tilfredsstillande. Tekniske innretningar er ikkje optimale med tanke på brannførebygging. Ein får ikkje nytta seg av aktuelle tilskotsordningar.

Rullestollift/heis Askvoll kyrkje:

Her ligg ikkje føre konkret prosjektplan eller kalkyle.

Stipulert finansieringsbehov kr 100.000,-

**Konsekvens ved manglande løyving:**

Askvoll sokn sine kyrkjer stettar ikkje gjeldande krav til universell utforming, og rullestolbrukarar vert hindra i likeverdig deltaking i fleire av våre arrangement.

**Kyrkjeorgelet i Holmedal kyrke:**

Utan at det påverkar kommunal løyving, bør Askvoll sokneråd også å legge inn restaurasjon av orgelet i Holmedal kyrkje i 2023 (sjå eiga sak).

Ein har kr 676.000,- i gåvemidlar til formålet sett i fond i tillegg til fondsmidlar til inventar i Holmedal kyrkje, mellom anna til orgel (kr 138.000,-).

På bakgrunn av ovanståande bør ein melde inn til Askvoll kommune slike behov for investeringstilskot i planperioden (nye tal er markert med feit skrift):

	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>
Holmedal kyrkje	1.500.000	1.500.000	1.500.000	<b>1.500.000</b>
Tak Askvoll kyrkje	1.500.000	<b>1.400.000</b>	<b>1.100.000</b>	<b>2.300.000</b>
Nytt servicebygg Askvoll kyrkjegard	1.700.000			
Ovnar og belysning Vilnes kyrkje	170.000			
Rullestollift/heis Askvoll kyrkje	100.000			
Orgelet i Holmedal		0		
<b>Sum pr. år</b>	<b>4.970.000</b>	<b>2.900.000</b>	<b>2.600.000</b>	<b>3.800.000</b>

**DEL 2: Drift**

Driftsbudsjettet har eit tydeleg skille mellom dei såkalla forvaltingsdelene av budsjettet som primært er kommunalt finansiert og kyrkjelydsarbeidet som har andre finansieringskjelder (t.d. statleg trusopplæringstilskot og diverse gåver/innsamla midlar).

**Kyrkjelydsarbeid**

Når det gjeld den separate økonomien til kyrkjelydsarbeid (som har annan finansiering enn kommunalt driftstilskot, då primært statleg trusopplæringstilskot, kyrkjeofringar, gåver og eigenbetalingar) er det forutsett at det vert sett opp budsjett for 2022 i balanse.

**1. HOVUDKAPITTEL 34100-34300 KYRKJELEG FORVALTNING****1.1.0 Utgifter****1.1.1 Lønn og sosiale utgifter**

Her er lagt opp til uendra bemanningsnivå, frå 2. halvår 2021, men med ei 10% stillingsauke på kyrkjemusikar, finansiert av tilskot frå Bjørgvin bispedømme og Helse og omsorg, Askvoll kommune. Samla budsjettert utgift til lønn og sosiale utgifter for 2021 er kr 2.863.200,-. Her er lagt inn 2,8% lønnsvekst i 2021-2022

Samla for lønn og sosiale utgifter vert då i 2021: kr 3.006.000,- inkludert 10% ekstra stillingsressurs.



### 1.1.2 Kjøp av varer og tenester

Faste driftsutgifter som energi, graving, forsikring, kurs, forbruksmateriell m.v. utgjør i forslaget kr 1.000.000,-, som er ei nominell vidareføring av førre planvedtak.

Det er føreslege brukt kr 150.000,- til variabel vedlikehalds- og utviklingsplan 2022.

Nedanfor er eit førebels forslag til tiltak i VU-plan 2022 (kostnader er stipulater). (Forslaga under i VU-planen vil gå til endeleg vedtak i budsjettvedtak for 2022, og ein må sjå dette i samanheng med framdrift og kostnad i VU-plan 2021.)

### VU-plan 2022

Førebels VU-plan 2022	Utgift
Kompostløsning og opprydding Stongfjorden gravplass	20 000
Leasingavtale plentraktor (årspris)	25 000
Opprydding bårerom i Kvammen	10 000
Lyddemping Kvammen kapell	20 000
Fornyng PC-ar og kontormøblar kyrkjekontoret	25 000
Uføresett	50 000
<u>Sum</u>	<u>150 000</u>

### 1.1.3 Refusjonar og overføringar

Her ligg inne:

- Overføring til investeringsrekneskapan med kr 15.000,- til eigenkapitalinnskot.
- Avsetningar av gåver og kyrkjeoffer til bunde fond for kyrkjene, stipulert kr 20.000,-.
- Refusjonar for leige av bedehusapella med kr 60.000,-.

Totalt kr 95.000,-

### 1.2.0 Inntekter

#### 1.2.1 Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter

Dette vil vere ein varierende inntektskategori, særleg ut frå varierende tal festefornyng.

#### *Festeavgift*

Det er registrert ca. 250 festeutløp i 2021, med tilbod om fornyng i 2022. Dette er lågare enn talet for 2020, der det var om lag 100 fleire utløp, men ein vil i 2022 få effekten av forhøya festeavgift frå 150,- til kr 260,- for ordinært feste.

Om ein framleis legg til grunn 80% fornyngsgrad av festa (altså 200 graver), vert stipulateret for inntekt for festeavgift i 2022 sett til kr 273.000,-.

Ein bør likevel legge inn ein margin med tanke på at færre vil fornye festet med auken i avgiftssatsen, og at ein tek utgangspunkt i 70% fornyingsgrad, altså 175 graver i 2022. Dette gir ei forventta inntekt på kr 239.000,-, altså kr 16.000,- meir enn i 2021.

#### *Betaling for kyrkjelege tenester*

Med verknad frå mai 2021, har ein innført nokre nye betalingstenester knytt til kyrkjelege tenester. Med berre 5 månaders erfaringsgrunnlag er det ikkje godt nok grunnlag til å forutsjå total effekt av dette. Det er speling før start (kr 250,-) og kyrkjemusikar si øving med solist (kr 400,-) som er nytt her, men ein ser så langt at dei aller fleste vel tilbodet om preludering ved gravferd.

Siste tre åra har ein hatt 33 kyrkjelege gravferdsremoniar i soknet, og ein kan då forvente ein årleg inntekt på ca. kr 8.000,- her.

I tillegg har ein inntekt på utanbygds gravleggingar, stipulert til kr 6.000,-. Vidare er det stipulert kr 3.000,- i leigeinntekt for kyrkjene.

Total eigeninntekt er sett til kr 256.000,-.

#### **1.2.2 Refusjonar og overføringar**

Ingen forventta refusjonar og overføringar frå eksterne ut over kompensert MVA og evt. sjukelønnsrefusjon.

Ein legg til grunn kr 10.000,- i fondsfinansiering av ekstra stillingsdel til kyrkjemusikar.

#### **1.2.3 Rammetilskot eigen kommune**

Her er lagt inn tilskotssum som ligg i kommunens sitt budsjetttrundskriv (2022), kr 3.912.000,- som er vidareført ramme frå 2021 med tillegg av kr 103.000,- i lønnsauke.

#### **1.2.4 Andre tilskot og gåver**

Stipulert kr 10.000,- i gåver og offerinntekter til kyrkjene.

Tilskot rentekompensasjon for orgel er sett til kr 10.000,-

Nytt prosjekt «Musikkdiakoni i Askvoll» er innvilga tilskot på kr 80.000,- frå Bjørgvin bispedømme og kr 80.000,- frå helse- og omsorgsetaten i Askvoll kommune gitt over 3 år. Her er lagt inn kr 53.000,- i samla årleg tilskot pr. år.

Samla tilskot og gåver: kr 73.000,-

<b>Hovudoppsett forvaltning (kap 04100-04300)</b>		
<i>Utgifter:</i>	ØP 2022	ØP 2021
Lønn og sosiale utgifter	3 006 000	2 850 000
Vare og tenestekjøp	1 000 000	1 000 000
VU-plan (utanom fondsfinansierte tiltak)	150 000	192 000
Refusjonar og overføringar	95 000	120 000
<b>Sum utgift</b>	<b>4 251 000</b>	<b>4 162 000</b>
<i>Inntekter:</i>		
Brukarbetaling, sal og avgifter	-256 000	-221 000
Refusjonar og overføringar	-10 000	0
Rammetilskot eigen kommune	-3 912 000	-3 886 000

Andre tilskot og gåver	-73 000	-55 000
<i>Sum inntekt</i>	<u>-4 251.000</u>	<u>-4 162 000</u>
<b>Differanse</b>		0

## 2 Hovudskapittel 04400- Anna kyrkjeleg verksemd

Soknet sitt kyrkjelydsrelaterte arbeid vil verte finansiert ved særskilte ikkje-kommunale tilskot (t.d. trusopplæringstilskot), gåver, kyrkjeofringar og brukarbetalingar/eigenandelar.

I planforslaget vert det forutsett at ein budsjetterer desse tenestene i balanse som tidlegare, utan kommunale driftstilskot.

Endeleg tal for dei enkelte tenestene vil verte utarbeidd i samband med endeleg budsjettvedtak for 2022.

## INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek førebels budsjett 2022 og økonomiplan 2023-2025 som den ligg føre i forslaget.

## MØTEHANDSAMING

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek førebels budsjett 2022 og økonomiplan 2023-2025 som den ligg føre i forslaget.

---

## FR 2021/39 Høyring om endringar i gravplasslov og -forskrift

### UTGREIING

Barne- og familiedepartementet har sendt ut på høyring forslag til endringar i gravplasslova og gravplassforskriften. Høyringa er open og alle kan avgje svar, men dei kyrkjelege fellesråda er adresserte høyringsinstansar.

Frist for innsending av høyringssvar er sett til 1. oktober 2021.

I saksutgreiinga her er det ikkje lagt inn drøftingar til enkeltpunkt, men det vert vist til høyringsnotatet. For kvart punkt er lagt inn ei vurdering frå kyrkjeverja med tilrådd høyringssvar.

#### Arkivlova:

Forslag frå departementet om ny andre setning i § 23:

«Arkivloven gjelder ved utøving av offentlig myndighet, utforming av gravkart og føring av gravregister og kremasjonsregister etter loven her.»

Vurdering:

Forslaget vert støtta. Dette er ei vidareføring av ordning etter tidlegare kyrkjelov.

#### Tieiplikt for tilsette på gravplassane og tilsette med oppgåver etter gravplasslova:

Forslag frå departementet om ny paragraf i gravplasslova:

#### § XX Taushetsplikt

Enhver som utfører tjeneste eller arbeid regulert i loven her, har taushetsplikt etter forvaltningsloven §§ 13 til 13 e. Plasseringen av anonyme graver er undergitt taushetsplikt.

Vurdering:

Forslaget vert støtta. Dette er ei vidareføring av ordning etter tidlegare kyrkjelov.

#### Kven handsamar klage på ei avgjerd gravplastyresmakta har teke etter offentleglova

Forslag frå departementet om nytt fjerde ledd i offentlegforskrifta § 11:

Forskrift 17. oktober 2008 nr. 1119 til offentleglova (offentlegforskrifta) § 11 nytt fjerde ledd skal lyde (gjeldande fjerde og femte ledd blir femte og sjette ledd):

Avgjerder etter offentleglova tekne av lokal gravplastyresmakt, jf. gravplasslova § 23, kan påklagast til Statsforvaltaren.

Vurdering:

Forslaget vert støtta.

#### Uttale frå kyrkjelege organ ved søknad om anlegg, utviding eller vesentleg endring av gravplass

Forslag frå departementet om ny andre setning i gravplasslova § 4 første ledd skal lyde (gjeldande andre setning blir tredje setning):

Ligger gravplassen i tilknytning til kirkebygg, skal gravplassmyndigheten innhente uttalelse fra berørte organer i Den norske kirke.

Vurdering:  
Forslaget vert støtta.

#### Krav om medlemskap i gravplasslova § 22

Forslag frå departementet at gravplasslova § 22 blir oppheva. Likestillings- og diskrimineringslova vil då setje rammene for tilsetjing i stillingar som kombinerer oppgåver på gravplass/krematorium og i kyrkja (til dømes kyrkjetenar, vaktmeister, reinhaldar). Departementet legg til grunn at praktiseringa av gravplasslova § 22 i dei kyrkjelege fellesråda har vore i samsvar med likestillings- og diskrimineringslova § 30. Opphevinga inneber dermed inga endring av gjeldande rett.

Vurdering:  
Forslaget vert støtta.

#### Nærare regulering av urnevegg

Gravplassforskrifta § 14 nytt tredje ledd skal lyde (gjeldande tredje ledd blir fjerde ledd):

Første og andre ledd gjelder ikke i urnevegg.

Gravplassforskrifta § 15a skal lyde:

§ 15a. Anonym minnelund, navnet minnelund og urnevegg

Med minnelund forstås gravfelt på gravplass uten adgang til gravminne knyttet til den enkelte grav. § 13 første ledd og § 15 annet og tredje ledd gjelder tilsvarende for grav i anonym og navnet minnelund. Med urnevegg forstås vegg eller byggverk på gravplass med plass til askeurne i lukkede nisjer.

Gravens plassering på anonym minnelund er bare kjent for gravplassmyndigheten. Plassering av grav på navnet minnelund kan gjøres kjent. Anonym og navnet minnelund skal plasseres i atskilte gravfelt.

Ved anonym minnelund kan det plasseres minnesmerke. Ved navnet minnelund skal det plasseres minnesmerke med navn og data på de gravlagte. På urnevegg skal navn og data på de gravlagte stå utenpå den enkelte nisje. Dersom graven ikke festes etter fredningstidens utløp, gravlegges aske fra urnevegg anonymt på gravplass i kommunen. Grav på anonym minnelund har ingen ansvarlig. På navnet minnelund og i urnevegg kan grav festes når det har gått 20 år etter gravleggingen. Nærmere bestemmelser gis i gravplassens vedtekter.

Gravplassforskrifta § 21 første leddet første setninga skal lyde:

Tekst, fotografi, dekor og symbolbruk på gravminne, minnesmerke og urnevegg skal være sømmelig, og det navnet som settes på, skal være identisk med navnet på den som er gravlagt.15

Gravplassforskrifta § 31 første leddet ny andre setning skal lyde:  
Urne som gravlegges i urnevegg, skal tåle oppbevaring i 100 år.

Vurdering:  
Forslaget vert støtta.

### Namneflytting

Forslag frå departementet:

Alternativ 1: Gravplassforskrifta § 21 andre leddet skal lyde:

Gravplassmyndigheten kan gi tillatelse til at navn og data på person påføres gravminne på en eksisterende grav eller på minnesmerke på en navnet minnelund et annet sted enn der vedkommende er gravlagt. Søknad om navneflytting må fremmes av den som er ansvarlig for eller fester graven navnet skal flyttes fra. Den som er ansvarlig for eller fester graven navnet skal flyttes til, må samtykke. Det samme gjelder ved flytting til navnet minnelund. Navnet må fjernes fra det opprinnelige gravminnet eller minnesmerket.

Alternativ 2: Som over, men i tillegg skal nytt femte punktum lyde:

Søknad om navneflytting til en navnet minnelund kan bare fremmes i forbindelse med gravlegging og bare for ett navn.

Vurdering:

Alternativ 1 frå departementet vert støtta.

### Namneflytting i særlege situasjonar

Ingen forslag frå departementet her, som skriv:

Den generelle dispensasjonsheimelen i gravplassforskrifta § 39 kan nyttast ved behov. Det er departementet som kan dispensere. Ingen vil ha rettskrav på dispensasjon og terskelen vil og skal vere svært høg.

Vurdering:

Ingen merknad.

### Nedbryting i kistegrav

Forslag frå departementet om endring i gravplassforskrifta § 5 at andre leddet ny andre setning skal lyde (gjeldande andre til fjerde setning blir tredje til femte setning):

Dersom gjenbruk av kistegraver ikke er mulig på grunn av jordbunnsforholdene på gravplassen, jf. § 12 tredje ledd første setning, kan deler av eller hele gravplassen stenges permanent for kistegravlegging.

Vurdering:

Forslaget vert støtta.

### Krav til massar ved lukking av opna kistegrav

Departementets forslag til endring av gravplassforskrifta § 13 er at nytt femte ledd skal lyde:

Åpnet grav skal lukkes med masser som bidrar til nedbrytning.

Vurdering:

Forslaget vert støtta prinsipielt, men ein bør ikkje ha dette som eit absolutt krav i forskrifta. Ordlyden bør verte omarbeidd til ein bør-bestemmelse med tanke på ressursituasjonen hos gravplastyresmaktene.

### Registrering av avvik

Departementets forslag er at gravferdsforskrifta § 19 vert endra og at første leddet ny

tredje setning skal lyde:

Opplysninger om enkeltgraver som ikke tilfredsstillers forskriftens krav, skal registreres.

Vurdering:

Forslaget vert støtta.

#### Når festaren døyr

Departementets forslag til endring i gravplasslova § 16 er at andre leddet skal lyde:

Når festeren dør, skal den som sørger for gravferden gis anledning til å bli ny fester, med mindre noen etterlatte skriftlig krever spørsmålet avgjort av gravplassmyndigheten der graven ligger.

Vurdering:

Intensjonen bak forslaget vert støtta, og endringa vil føre til mindre usikkerhet om kven som er festar for ei eksisterande grav, og større smidighet i forvaltninga. Men her ligg ei utfordring for den enkelte gravferdsstyresmakt, då det ikkje ligg føre noko overordna oversikt på tvers av kommunegrenser kven som er festar for graver, og i svært mange tilfelle har heller ikkje den som sørger for gravferda slik oversikt.

#### Betaling for å fjerne gravminne

Departementets forslag:

Gravplassforskrifta § 21 tredje leddet første punktum blir oppheva.

Vurdering:

Forslaget vert støtta.

#### Heimel til å gi løyve til forsøk som avvik frå lova

Departementets forslag:

Ny § 39a skal lyde: § 39a Forsøk

Departementet kan etter søknad fra gravplassmyndighet gi forskrift som tillater tidsbegrensede avvik fra loven her eller regler i medhold av loven. Forsøket kan ikke stride mot § 1 eller mot hensynet til gravplassenes orden og verdighet.

Vurdering:

Det er ikkje behov for å regelfeste heimel for tidsavgrensa avvik frå gjeldande gravferdsformer.

Forslaget vert ikkje støtta.

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd avgir høyringssvar i samsvar med vurderingar sett fram av kyrkjeverja.

## **MØTEHANDSAMING**

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd avgir høyringssvar i samsvar med vurderingar sett fram av kyrkjeverja.

## SR 2021/40 Offerliste ut 2021

### UTGREIING

Vedteke offerliste gjeld t.o.m. 05. september 2021.

Ein bør vedta offerliste ut året. Kyrkjelydsutvala har fått kort frist på innspel før vedtak i soknerådet, men vonleg vil forslag ligge føre til soknerådsmøtet frå alle. Gudstenestelista ut året er lagt.

#### Offerliste

Kyrkje	Dato	Type	Offerformål
Askvoll kyrkje	26.09.2021	Familiegudsteneste	Kyrkjelydsarbeid
Askvoll kyrkje	10.10.2021	Gudsteneste	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Askvoll kyrkje	24.10.2021	Gudsteneste	Redd Barna
Askvoll kyrkje	07.11.2021	Gudsteneste	Askvoll kyrje
Askvoll kyrkje	28.11.2021	Familiegudsteneste	Skilbrei ungdomssenter
Askvoll kyrkje	12.12.2021	Gudsteneste	Kirkens SOS i Bjørgvin
Askvoll kyrkje	24.12.2021	Gudsteneste	Kirkens Nødhjelp
Askvoll kyrkje	31.12.2021	Gudsteneste	Kyrkjeblad for Askvoll
Bulandet kapell	26.09.2021	Familiegudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet
Bulandet kapell	17.10.2021	Gudsteneste	Stefanusalliansen
Bulandet kapell	14.11.2021	Gudsteneste	Indremisjonsforbundet
Bulandet kapell	05.12.2021	Familiegudsteneste	Kirkens SOS
Bulandet kapell	25.12.2021	Gudsteneste	Kirkens Nødhjelp
Holmedal kyrkje	19.09.2021	Familiegudsteneste	Skilbrei ungdomssenter
Holmedal kyrkje	17.10.2021	Gudsteneste	Kirkens Bymisjon Bergen
Holmedal kyrkje	14.11.2021	Gudsteneste	Kyrkjelydsarbeid
Holmedal kyrkje	05.12.2021	Familiegudsteneste	Holmedal kyrkje
Holmedal kyrkje	24.12.2021	Gudsteneste	Kirkens Nødhjelp
Holmedal kyrkje	01.01.2022	Gudsteneste	Det Norske Misjonsselskap
Kvammen kapell	03.10.2021	Familiegudsteneste	Trusopplæringa i Askvoll
Kvammen kapell	31.10.2021	Gudsteneste	Norsk Luthersk Misjonssamband
Kvammen kapell	21.11.2021	Familiegudsteneste	Kvammen kapell
Kvammen kapell	24.12.2021	Gudsteneste	Kirkens Nødhjelp
Stongfjorden kapell	02.01.2022	Gudsteneste	Stongfjorden kapell
Vilnes kyrkje	19.09.2021	Familiegudsteneste	Trusopplæringa i Askvoll
Vilnes kyrkje	10.10.2021	Gudsteneste	Kyrkjeblad for Askvoll
Vilnes kyrkje	28.11.2021	Familiegudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet
Vilnes kyrkje	24.12.2021	Gudsteneste	Kirkens Nødhjelp



## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste for september til og med 02.01.2022 i samsvar med innkomne forslag og forslaga som vart lagt fram i møtet.

## **MØTEHANDSAMING**

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste for september til og med 02.01.2022 i samsvar med innkomne forslag og forslaga som vart lagt fram i møtet.

## SR 2021/41 Gudstenesteplan hausten 2021

### UTGREIING

Soknepresten har lagt fram gudstenesteplanen for 03.10.2021 og fram til 01.01.2022. Planen er sett opp i samsvar med gjeldande forordning.

Planforslaget:

### FRAMLEGG TIL GUDSTENESTEPLAN

Inneverande gudstenesteplan gjeld fram til og med 03.10.2021. (Gudstenesta 03.10.2021 i Kvammen er teken med for ordens skuld).

Her følgjer framleg til vedteken gudstenesteplan frå 1.oktober 2021 til 1. januar 2022. Gudstenesteplanen er i tråd med gjeldande forordning.

#### ASKVOLL KYRKJE

10.10.2021	11:00	Søndag	Gudsteneste
24.10.2021	11:00	Søndag	Gudsteneste
07.11.2021	18:00	Søndag	Minnegudsteneste
28.11.2021	18:00	Søndag	Familiegudsteneste/Lysmesse
12.12.2021	17:00	Søndag	Adventsgudsteneste
24.12.2021	16:00	Fredag	Julafteggudsteneste
31.12.2021	16:00	Fredag	Nyårgudsteneste

BULANDET BEDEHUSKAPPELL			
17.10.2021	17:00	Søndag	Gudsteneste
14.11.2021	10:30	Søndag	Gudsteneste
05.12.2021	10:30	Søndag	Familiegudsteneste/ Lysmesse
25.12.2021	13:00	Laurdag	Julegudsteneste

#### HOLMEDAL KYRKJE

17.10.2021	11:00	Søndag	Gudsteneste
14.11.2021	15:00	Søndag	Gudsteneste <i>Det er ynskje frå kyrkjelydsutval og sokneprest om å flytte denne til kl 19, og å ha songkveld. Dersom det høver for prest, kan det la seg gjere. Om ikkje, vert det 15.</i>
05.12.2021	15:00	Søndag	Familiegudsteneste/ Lysmesse
24.12.2021	14:00	Fredag	Julafteggudsteneste
01.01.2022	17:00	Laurdag	Nyårsdagsgudsteneste <i>Det er ynskje frå kyrkjelydsutval og prest om å ha denne som «kyrkjelydens juletefest» på Holmedal bedehus kl 15. Utvalet syter for mat og pynting.</i>

#### KVAMMEN KAPPELL

03.10.2021	11:00	Søndag	Familiegudsteneste, bokutdeling, presentasjon. <i>Hausttakkefest</i>
------------	-------	--------	--

31.10.2021	19:00	Søndag	Gudsteneste. <i>Songkveld med invitert kor.</i>
21.11.2021	11:00	Søndag	Familiegudsteneste før advent
24.12.2021	14:00	Fredag	Julaftegudsteneste

**VILNES KYRKJE**

19.09.2021	11:00	Søndag	Familiegudsteneste, bokutdeling, presentasjon
10.10.2021	13:30	Søndag	Gudsteneste
28.11.2021	15:00	Søndag	Familiegudsteneste / lysmesse
24.12.2021	11:30	Fredag	Gudsteneste

**STONGFJORDEN****KAPELL**

02.01.2022	17:00	Søndag	Julegudsteneste
------------	-------	--------	-----------------

Kjell Olav Høstaker Nordheim  
Soknepresten i Askvoll sokn

**INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd går inn for planen slik den er lagt fram.

**MØTEHANDSAMING**

Noko justert saksframlegg vart lagt fram i møtet etter innspel frå kyrkjelydsutvala (justeringar er ført i kursiv).

**SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd går inn for planen slik den er lagt fram.